


Mot rekordsesong i elva, danske entusiastar også på plass

09.08.2011



Nordisk stemning på Rabben, der Jane og Frank skal feira bryllupsdag.

**Denne sesongen kan gje lakserekord i Uskedalselva, trur
oppsynsmann Arne Terje Haugland på bakgrunn av fangstane
til no og observasjon av fisken som står i vassdraget.
Og blir det rekord, vil også danske entusiastar
ha gjeve sitt bidrag til det.**



Arne Terje trur det går mot fangstrekord.

Hyttenummer 6 har eit sterkt nordisk preg, det
norske flagget vaiar saman med Dannebrog på terrassen
og Frank og Jane Pedersen frå
Fredericia – bruleggjar og hjelpepleiar - gjer klårt for markering
av bryllupsdag nummer 23. Det skal

skje med eit herremåltid beståande av 3 aurer fanga i Mannsvatnet i helga.

Ei natt i ungdomslagshytta Fjelly var ei ny og positiv oppleving for eitt par som ellers er Rabbenveteranar og kanskje leiar den uoffisielle tevlinga.
Dei har feriert der 27 av 28 mogelege år og det året dei skulka fiska dei laks i Canada, Då uskedalen.no ber dei begrunna kvifor dei er så trufaste,.set dei fisket først og så kjem naturen og nordmennene.

Frank og Jane fiskar helst med fluge og deretter kjem wobblers og til sist mark.Dei har lukkast bra, ein fangst på 40 laksar og 40 aurar i elva er lågt rekna og frå Matre kunne dei i 1995 ta med 132 kilo heim til Danmark.
Lakserekorden deira i elva er 6 kilo og den fisken tok dei for rundt 10 år sidan. Dei likar seg best i elva, men fisket der er avhengig av regn og difor tyr dei til Matre av og til.

Når paret ikkje fiskar går dei tur på begge sider av dalen og har vore 3 gongar på Englafjell. Etter kvart har dei fått mange gode norske vene og har hatt mange positive opplevingar. Til dømes fekk dei fiskeutstyr av ein uskedeling då dei gløymde å ta det med til Mannsvatnet. Parets også trufaste lesarar av uskedalen.no

-Jane og Frank er 2 av våre mange hyggjelege fiskarar som det er ein glede å ha ved elva, seier Arne Terje Haugland. Han har nyleg vore vitne til at Frank nesten fekk ein rugg på minst 10 kilo ved bruha.

Ellers har han for få dagar sidan sett 15 store laksar og slår fast at det står stor fisk gjennom heile elva. Gjennom 60 år har han aldri opplevd så godt laksefiske, som i år starta med ein helgefangst på meir enn 100 kilo og truleg endar over 500 kilo som er den tidlegare rekorden. Fiskarane har også kome frå andre delar av landet, Tyskland - og også Danmark.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen